

Forskrift om førebygging av koronasmitte, Bømlo, Vestland.

Fastsett av Bømlo kommunestyre 22. mars 2021 med heimel i lov av 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1. Bakgrunnen for vedtaket er aukande smitte i regionen.

§ 1 Formål

Forskrifta sitt formål er å hindra eller avgrensa smitte av koronaviruset (SARS-CoV-2) gjennom tiltak som er tilpassa tilhøva.

§ 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld alle personar, organisasjonar og verksemder med fast eller mellombels opphald i Bømlo kommune.

§ 3 Stenging av verksemder

Følgjande verksemder og stadar skal halda stengd:

- a. Treningssenter, likevel slik at følgjande tilbod kan halde ope:
 1. rehabilitering og opptrening som blir tilbydd individuelt eller i mindre grupper på inntil ti personar med arrangør.
 2. individuell trening og behandling som krev timeavtale.
- b. Svømmehallar, spaanlegg og liknande, likevel slik at følgjande tilbod kan halda ope:
 1. skulesvømming.
 2. rehabilitering og opptrening som blir tilbydd individuelt eller i mindre grupper på inntil ti personar med arrangør.
 3. anna individuell behandling som det kan bestillast time til og der bad er del av behandlinga.
- c. Bowlinghallar og tilsvarande stadar.
- d. Museum
- e. Kino, teater, konsertstadar og tilsvarande kultur- og underholdningsstadar.
- f. Andre offentlege stadar og verksemder kor det går føre seg organisert kultur-, idretts- og fritidsaktivitetar som samlar menneske innandørs.

Trus- og livssynshus kan halda ope med dei avgrensingar som følgjer av forskrifta § 4.

§ 4 Tal på personar som kan vera til stades på arrangement

Arrangement og private samankomstar på offentleg stad eller i leigde/lånte lokale kan gjennomførast innandørs med inntil 10 personar. Private samankomstar utandørs på offentleg stad kan gjennomførast med inntil 20 personar. Arrangement utandørs på offentleg stad kan gjennomførast med inntil 50 personar.

Gravferd og bisetting kan gjennomførast med inntil 50 personar.

§ 5 Påbod om heimekontor

Arbeidsgivarar skal sørge for at tilsette jobbar heimanfrå så langt det er praktisk mogleg. Arbeidsgivarar skal kunna dokumentera at det er gitt beskjed til dei tilsette om korleis dette skal gjennomførast i verksemda.

§ 6 Skjenkestopp

Serveringsstadar som har skjenkeløyve etter alkohollova kapittel 4 og 5 skal ikkje utøva skjenkeløyvet.

§ 7 Stans av idretts- og fritidsaktivitetar

Det er ikkje tillate å organisera idrettsaktivitetar innandørs. Det same gjeld for fritidsaktivitetar som organiserte øvingar, trening og prøvar for kor, korps og teater. Stemne, kampar og turneringar er ikkje tillate.

§ 8 Ansvar

Bømlo kommune tar ikkje på seg økonomisk ansvar som skulle følge av pålagte tiltak etter denne forskrifta.

§ 9 Straff

Forsetteleg eller grovt aktlaust brot på føresegner i denne forskrifta eller vedtak gitt med heimel i forskrifta er straffbart, jf. lov av 5. august 1995 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 8-1.

§ 10 Ikraftsetting og varigheit

Forskrifta trer i kraft 23. mars 2021 og gjeld til og med 9. april 2021.